



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Barne- og familiedepartementet, Forbruker-,
tros- og livssynsavdelingen
Postboks 8036 Dep
0030

Dato: 21.11.2025

Vår ref: 25/12476-2

Deres ref:

Høyringssvar frå Øygarden kyrkjelege fellesråd - regulering av teieplikt i trus- og livssynssamfunn

Øygarden kyrkjelege fellesråd er merksam på at høyringsfristen for denne saka er gått ut. Vi beklagar at vårt høyringssvar kjem noko for seint, men håpar at departementet likevel kan ta innspelet med i det vidare arbeidet.

Merknader frå fellesrådet

Øygarden kyrkjelege fellesråd viser til departementet si høyring av 18. august 2025 om forslag til ny regulering av teieplikt i trus- og livssynssamfunn. Fellesrådet vurderer det som ei god lovteknisk løysing å flytte teiepliktsføresegna frå straffeprosesslova til trus- og livssynslova. Ei slik plassering gjer regelverket meir tilgjengeleg og forståeleg for dei som skal følgje det.

Utforming av hovudregelen om teieplikt

Fellesrådet meiner det er viktig at lova vert utforma slik at ho tek vare på det som gjennom lang kyrkjeleg praksis har vore ein helt grunnleggjande føresetnad: at menneske kan vende seg til kyrkja og opne seg om personlege og vanskelege forhold utan frykt for at dette vert ført vidare.

Samtalar av fortruleg karakter oppstår ofte spontant, til dømes etter konfirmantundervisinga, institusjonsandakten eller ved eit ærend på kyrkjekontoret. Ei lovføresegn som berre vernar samtalar som er definerte eller avtalte på førehand, vil difor ikkje samsvare med kvardagen i Den norske kyrkja.

På bakgrunn av dette meiner Øygarden kyrkjelege fellesråd at teieplikta må knytast til funksjonen og rolla til den som tek imot fortrulege opplysningar, og ikkje til kor formalisert samtalsituasjonen er.

Avgrensing av personkrins

Det er avgjerande at lova tydeleg peikar ut alle yrkesgrupper som i praksis tek imot opplysningar som fell inn under teieplikta. Fellesrådet støttar at prestar skal vere omfatta, men vil understreke at teieplikta òg må gjelde for andre som i sitt daglege arbeid fører samtalar der menneske opnar seg om personlege og eksistensielle spørsmål.

Dette gjeld særleg:

- **diakonar**, som ofte møter menneske i sorg, krise eller sosialt utsette situasjonar

Postadresse:		E-post: post.oygarden@kyrkja.no	Sakshandsamar
Tydebærbrekko 2	5353 STRAUME	Web: www.kyrkja.no/oygarden	Annlaug Børve
Telefon: +47 400 03 316		Org.nr.: 976995430	

- **kateketsr**, som arbeider tett på ungdom og unge vaksne, og som vert møtt med fortrulege spørsmål knytt til identitet, livssituasjon og tru
- andre yrkesgrupper med tilsvarande funksjonar, der oppgåvene inneber fortruleg samtale og åndeleg eller eksistensiell støtte

Konfidenten si forventning om teieplikt knytter seg i slike situasjonar til funksjonen som samtalepartner – ikkje til om personen er ordinert prest. Vi tilrår derfor at lova gjer det tydeleg at teieplikta gjeld alle som i sitt arbeid gir åndeleg eller eksistensiell omsorg.

Lovutforming

Fellesrådet meiner at lova bør kombinere dei gode sidene i dei to framlegga departementet har sendt på høyring. Teieplikta bør:

- knytast til funksjonen med å gi åndeleg og eksistensiell omsorg
- ikkje avgrensast til berre dei samtalane som er førehandsavtalte
- gjelde opplysningar som vert delte i kraft av rolla, også når dette skjer utanfor ein formell eller planlagd samtale

Fortrulege opplysningar som vert delte i fritida – til dømes når nokon tek kontakt med ein kyrkjeleg tilsett på veg heim frå arbeid eller under eit lokalt arrangement – vert ofte delte nettopp fordi vedkommande har ei kyrkjeleg rolle. Slike situasjonar må framleis vere verna av teieplikta.

Teieplikt for medhjelparar

Fellesrådet støttar at teieplikta skal gjelde for medhjelparar som i sitt arbeid får tilgang til fortrulege opplysningar, til dømes sekretærar, tolkar og andre som bistår i samtalar eller kyrkjeleg arbeid. Det er viktig at den som har teieplikt, har ansvar for å gjere slike medhjelparar merksame på plikta. Dette vil sikre ei klar og forsvarleg praktisering.

Unntak frå teieplikta

Fellesrådet støttar dei to særskilde unntaka departementet foreslår:

a) Melderett til barnevernstenesta

Fellesrådet støttar at yrkesutøvarar med teieplikt må ha ein lovfesta tilgang, men ikkje plikt, til å melde til barnevernstenesta når vilkåra etter barnevernslova er oppfylte. Dette handlar om vern av barn i alvorlege situasjonar og gir nødvendig tryggleik for dei som må gjere slike vurderingar.

b) Avverjing av fare for liv og helse

Vi støttar òg at teieplikta ikkje skal vere til hinder for å avverje akutt fare for liv eller helse. Ei lovfesting av eit snevert unntak vil gjere det lettare å handle rett i akutte situasjonar der menneske står i fare.

Avslutning

Fellesrådet støttar ei vidareføring av hovudregelen om teieplikt, men ser behov for:

- ei betre skildring av personkrinsen, som må nemne både prestar, diakonar og kateketar og omfatte medarbeidarar i tilsvarande funksjonar som desse
- ei lovutforming som vernar både planlagde og spontane fortrulege samtalar
- unntak som ivaretek barn og situasjonar der liv eller helse står i fare

Vi meiner at dette vil gi eit klart og godt regelverk som tek vare på det rommet der menneske kan dele personlege og sårbare forhold, samstundes som lova gir dei som står i tenesta, den rettleiinga dei treng når situasjonen krev handling.

Med helsing

Annlaug Børve
Kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

,

Mottakarar:

Barne- og familiedepartementet, Forbruker-, Postboks 8036 Dep 0030
tros- og livssynsavdelingen,